

Erklæring frå lege / annan sakkunnig ved oppretting eller endring av verjemål**Praktisk informasjon**

Dette skjemaet fyllast ut i samband med krav eller melding om verjemål for vaksne, jf. lov av 26. mars 2010 nr. 9 om vergemål (verjemålslova) §§ 56, 57 og 69. Det skal også brukast dersom det er behov for endringar i eksisterande verjemål.

Skjemaet sendast til statsforvaltaren i det fylket der personen er folkeregistrert. Ei adresseliste over statsforvaltarane er tilgjengeleg på www.statsforvaltaren.no.

Utgangspunktet er at bestillaren dekkjer kostnadene ved legeerklæringa. Dersom statsforvaltaren bestiller, og legen eller den sakkunnige ikkje er tilsett i det offentlege, dekkjer statsforvaltaren utgifta. Arbeidet godtgjerast med 0,5 gonger den offentlege salærsatsen pr. erklæring. Kostnaden blir berre dekt om skjemaet er ferdig utfylt.

Om verjemål

For at statsforvaltaren skal kunne opprette verjemål for ein vaksen person, må vilkåra i verjemålslova § 20 vere oppfylt. Personen må ha ein medisinsk tilstand som gjer at vedkommande ikkje er i stand til å ta hand om interessene sine. Vidare må personen ha behov for verjemålet. Vanlege verjemål skal tilpassast personen sine behov og ønske, og kan ikkje opprettast mot personen si vilje. Personen har i slike verjemål den rettslege handleevna si i behald. Ein person som utset interessene sine for betydeleg skade kan unntaksvis bli fråteken rettsleg handleevne på avgrensa livsområde ved dom etter verjemålslova § 22.

Erklæring frå lege eller annan sakkunnig

For å sikre ei tilfredsstillande saksbehandling ved oppretting av verjemål skal statsforvaltaren leggje erklæring frå lege eller annan sakkunnig til grunn. Erklæringa må innehalde ei beskriving av personen sin medisinske tilstand, og ei vurdering av om denne tilstanden er årsaka til at personen ikkje kan ta hand om sine egne interesser. Erklæringa skal også innehalde ei vurdering frå legen eller annan sakkunnig av om personen forstår kva verjemål er og kva det vil seie å samtykke til verjemålet.

Person med behov for verje

Fornamn:		Fødselsnummer:	
Mellomnamn:		Etternamn:	
Adresse:			
Postnummer:	Poststad:	E-postadresse:	
Adresse der personen bur, institusjon e.l. (dersom denne avvik frå folkeregistrert adresse):?			
Ev. kontaktperson ved institusjon:?			
Telefonnummer:		Mobiltelefonnummer:	

1. Vurdering av tilstand

Etter verjemålslova § 20 kan følgjande medisinske tilstandar eller diagnosar vere grunnlag for oppretting av verjemål:

- Sinnsleiding. Dette brukast som ei samlenemning for ulike former for psykosar, medrekna bipolar lidning og schizofreni, og andre typar mentale lidningar eller åtferdslidingar som har oppstått som følgje av skade, sjukdom eller stoffbruk.
- Demens.
- Psykisk utviklingshemming.
- Rusmiddelmissbruk omfattar både misbruk av alkohol, narkotika og medikament.
- Alvorleg spelavhengnad med eit omfang som inneber at vedkommande ikkje er i stand til å ta hand om forplikingane sine.
- Alvorleg svekt helse omfattar alle former for fysiske svekkingar som kan føre til at ein person ikkje maktar å ta hand om interessene sine.

Set kryss ved den tilstanden som i hovudsak gir behov for verjemål

- | | |
|--|---|
| <input type="checkbox"/> Sinnsleiding | <input type="checkbox"/> Demens |
| <input type="checkbox"/> Psykisk utviklingshemming | <input type="checkbox"/> Rusmiddelmissbruk |
| <input type="checkbox"/> Alvorleg speleavhengnad | <input type="checkbox"/> Alvorleg svekt helse |

Utfyllande informasjon om den medisinske tilstanden/diagnosen:

Beskriv grunnlaget for vurderinga av den medisinske tilstanden/diagnosen: Konsultasjon/samtale, tidlegare opplysningar om personen, tidspunktet for når tilstanden vart vurdert og tidspunktet for konsultasjonen.

2. Vurdering av årsakssammenheng og hjelpebehov

Nedanfor skal du beskrive korleis personen si funksjonsnedsetjing påverkar evna til å ta hand om egne personlege eller økonomiske interesser.

- Kva funksjonsnedsetjingar har personen?

- Korleis påverkar dette evna til å ta hand om egne personlege eller økonomiske interesser?

- Er det andre forhold enn personen sin medisinske tilstand som verkar inn på funksjonsevna?

Nedanfor skal du, dersom mogleg, gi supplerande informasjon knytt til hjelpebehovet.

- Korleis meiner du ei verje vil kunne avhjelpe behovet?

3. Vurdering av personen si forståing av verjemål og evna til å samtykkje

Nedanfor skal du vurdere om personen forstår kva verjemål er og om personen forstår korleis ei verje kan hjelpe.

- Gi ei beskriving og vurdering av personen si evne til å forstå kva eit verjemål vil innebere.

Nedanfor skal du, dersom mogleg, gi supplerande informasjon om personen sine synspunkt på verjemål, og personen si evne til å gi statsforvaltaren informasjon.

- Kva tenkjer personen om å få verje?
- Motset personen seg eit verjemål? På kva måte gir personen uttrykk for dette?
- Er det forhold som tilseier at statsforvaltaren ikkje kan gjennomføre ein samtale med personen? Gi i så fall ei nærare grunngjeving for denne vurderinga.

Underskrift

Namn på lege/sakkunnig:

Organisasjon/institusjon:

Organisasjonsnummer:

Adresse:

Postnummer:

Poststad:

Dato:

Stad:

Stempel og underskrift: